



Meland kommune

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/2044 - 18/19824

Saksbehandlar:
Randi Helene Hilland
randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:
18.09.2018

Prosjekt felles barnevern i Radøy, Lindås og Meland - samarbeidsavtale

Vedlagt følger vedtak.

Med helsing

Randi Helene Hilland
konsulent

Andre mottakarar:

Lindås kommune, Radøy kommune

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Martin W. Kulild	FA - F47, FE - 026, TI - &01	18/2044

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
58/2018	Kommunestyret	PS	12.09.2018

Prosjekt felles barnevern i Radøy, Lindås og Meland - samarbeidsavtale

Vedlegg:

Saksutgreiing - Prosjekt felles barnevern i Radøy,Lindås og Meland - samarbeidsavtale
Prosjektmandat
Interkommunal samarbeidsavtale. 16.5.18

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Lindås kommune har fått prosjektmidlar frå Fylkesmannen i Hordaland til å greie ut felles barnevernkontor med kommunane Radøy og Meland.

I samband med planlegging om bruk av midlane vart utgreiing av felles barnevernkontor sett i samanheng med kommunesamanslåinga og er ein del av program for bygginga av Alver kommune. Arbeidet er prosjektorganisert og prosjektleiar er tilsett som barnevernleiar for felles barnevern og seinare barneverntenesta i Alver kommune. Under føresetnad om endeleg vedtak i dei tre kommunestyra vert samarbeidet organisert som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova §28-1 b, med Radøy kommune som vertskommune.

Det er planlagt at dagens tre barnevernstenester vert samlokalisert frå 01.12.2018 i Geco-bygget i Knarvik. Oppstart av vertskommunesamarbeidet vert 01.01.2019 og frå 01.01.2020 vert dette barnevernstenesta i Alver kommune.

Vurdering

Det har vore gjort eit omfattande arbeid i prosjektperioden fram mot eit felles barnevern, med mange prosessar både på fag-, personal- og økonomiområdet. Den nye felles barnevernsorganisasjonen er no rigga og ganske klar for å bli sett i drift. Samarbeidsavtalen som ligg føre regulerer forholda mellom samarbeidskommunane i året der Radøy kommune er vertskommune. Felles barnevernsteneste vil styrka barnevernsarbeidet i dei tre kommunane. Det vert vurdert som hensiktsmessig at barnevernstenesta blir slått saman før 01.01.2020 og med dette er rigga og klar til

samla å gå inn som barnevernstenesta i Alver kommune frå 01.01.2020.

Økonomi:

Budsjett og avrekning av kostnader er prega av at kommunane vert Alver kommune frå 2020. Budsjett for 2019 tek utgangspunkt i kvar av kommunane sitt driftsbudsjett i inneverande år, korrigert for venta pris- og lønsvekst, sjå samarbeidsavtalen pkt 8.

Konklusjon

Dei tre kommunane må gjere likelydande vedtak om vertskommuneavtalen, der Radøy vert vertskommune for barnevernstenesta i kommunane Lindås og Meland, fram til 01.01.2020 då felles barnevernsteneste ligg i Alver kommune.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek felles barnevernsteneste for Radøy, Meland og Lindås frå 01.01.2019. Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for felles barnevern i Radøy, Lindås og Meland vert godkjend. Radøy kommune er vertskommune. Kommunestyret delegerer mynde etter barnevernlova til barnevernsleiar i Radøy kommune frå og med 01.01.2019.

Kommunestyret - 58/2018

KS - behandling:

KS - samrøystes vedtak:

Kommunestyret vedtek felles barnevernsteneste for Radøy, Meland og Lindås frå 01.01.2019. Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for felles barnevern i Radøy, Lindås og Meland vert godkjend. Radøy kommune er vertskommune. Kommunestyret delegerer mynde etter barnevernlova til barnevernsleiar i Radøy kommune frå og med 01.01.2019.